

# BAKGRUNN OG KUNNSKAPSGRUNNLAG

KULTURKRAFT - TEMAPLAN FOR KULTUR 2024-2032



## Innhald

---

Del 1 Bakgrunn og status .....	3
Innleiing.....	3
Kultur og samfunnsutvikling.....	3
Ein plan for heile Vossasamfunnet? .....	5
Voss er ein distriktskommune.....	6
Kultur, klima og berekraft.....	6
Hovudutfordringar .....	8
Medverknad .....	9
Kor er kultursektoren og kulturlivet på Voss i dag?.....	10
Del 2 Kunnskapsgrunnlag .....	15
Kunnskap om Voss.....	15
Regionale, nasjonale føringar og analyser.....	16
Innspel og medverknad .....	18
Voss i tal – Kulturindeksen .....	21
Ungdata .....	23
Barnefattigdom – om å vekse opp i vedvarande låginntekt .....	24
Omdømme .....	27
Vossaklima 2030 .....	27
Kunnskap frå andre kommunale planar .....	29
Tidleg innsats og livmeistring .....	30



Frivillighet på Voss.....	31
Regional plan for kultur, idrett og frivillighet .....	32
Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft - kulturpolitikk for framtida.....	33
Kultur og berekraftig verdiskaping.....	34
Biblioteka i ei ny tid.....	35
Kunst og kulturformidling til barn og unge .....	36
Kulturskulen sin rammeplan .....	37
FN konvensjonane.....	38
Berekraftsmåla .....	38
UNESCO .....	39
Barnekonvensjonen .....	40



## Del 1 Bakgrunn og status

---

### Innleiing

Dette dokumentet er grunnlaget til planen *Kulturkraft – temaplan for kultur 2024 – 2032*. I fyrste del presentere vurderingar av planen sin plass i lokalsamfunnet, me kjem med nokre overordna analysar av Vossasamfunnet og gjer greie for dagens status knytt til dei fem strategiområda i planen. Siste del av dokumentet er ein gjennomgang av regionale og nasjonale føringar me arbeider innafor.

### Kultur og samfunnsutvikling

Kulturomgrepet har opp gjennom tida endra retning og karakter. Frå å vera avgrensa til kunstuttrykk til å gjelde all kreativ og sosial aktivitet. Det utvida kulturomgrepet omfamnar idrett, friluftsliv, fritidskultur og aktiviteten til frivillig lagsliv og kulturfrivilligheita. Dei siste åra er omgrepet igjen vore gjennom ei forvandling. I dag vert kultur plassert inn i eit felt av yringskultur, samfunnsutvikling og demokratibygging.

*Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for yringsfridom og eit velfungerande demokrati (Meld.st. 8 (2018-19)).*



Grunnleggjande er likevel at kunst og kultur er skapande kreativ kraft. Me må respektera og forstå den frie rolla kunsten og kulturen må ha for å kunne utvikla seg. Dette kan vera eit dilemma for den offentlege kulturpolitikken. Me investerer og satsar for å sikra politiske mål for samfunnsutviklinga, og all politikk er slik i sitt vesen instrumentell. Det er difor ein hårfin balanse mellom den frie kunsten og det politiske feltet. Politisk styrt kulturpolitikk må ha ein sentral plass i samfunnsutviklarrolla til kommunane, men med respekt og forståing for kulturen si frie og uavhengige rolle.

*Folk skaper steder, det har vi framhevet gjentatte ganger. De skaper steder, ikke bare gjennom sitt antall, der har ikke små kommuner i distriktene så store konkurransefortrinn, men de skaper steder ved sine holdninger og handlinger. Der kan små distriktskommuner ha noen fortrinn, viser det seg – om de greier å utnytte dem (TF-rapport nr. 303 2012).*

---

***Tiden er inne for å inkludere kultur på listen over samfunnskritisk infrastruktur.***

*(Kristin Danielsen, Kulturdirektoratet. DA 3.10.23)*

---

Kulturplanen er forankra i kommuneplanens samfunnsdel sine overordna strategiområde

---

*Attraktive Voss – Bygd for sterke opplevingar*

*Inkluderande Voss – Ei bygd for alle*

*Innovative Voss – Med røter og vengjer*

---



Krafta i kulturfeltet vert styrkt når alle tre forvaltingsnivåa beveger seg i same retning. Voss herad sin kulturplan er et ledd i realiseringa av dei regionale kulturpolitiske måla i planen «Kultur bygger samfunn», samtidig må me finn vår eigen veg og gjer dei strategiske vala som er særreigne for og viktig for Voss.

### Ein plan for heile Vossasamfunnet?

Kulturpolitikken i kommunane er forankra i Kulturlova, og me forvaltar kulturtenester gjennom den kulturelle grunnmuren som kan vere kulturopplæring, kulturproduksjon og formidling i kulturskulen, bibliotek, kunst- og kulturarenaer. Samtidig er stordelen av kulturproduksjonen utført av det profesjonelle kunst- og kulturlivet og kulturfrivilligheita.

Gjennom ein armlengds avstand til forvaltninga har kunst og kulturlivet ei viktig rolle som utfordrar og samfunnets kritiske røyst. Denne rolla er med å fornya og utvikla samfunnet. På den andre sida har kommunane ei formell samfunnsutviklarrolle som inneber at me skal sette retning og peike ut ein kurs for samfunnsutviklinga. Det ligg slik ei motsetnad mellom å planleggja for kulturlivet, og kulturlivets behov for ein fri og uavhengig stilling. Det er kraft i at det offentlege, kulturlivet og kulturfrivilligheita saman arbeider for kulturfeltet i kommunen, men me respekterer kulturlivet sitt behov for armlengds avstand, og gjer ikkje anna enn å invitere kulturlivet inn til samarbeid. Me vil med denne planen synleggjera overfor innbyggjarane og kulturlivet kor me som herad ynskjer oss, og kva me ynskjer av kultursatsinga. Dette vil gjera arbeidet til herad føreseieleg for innbyggjarane og kulturlivet. Dette betyr ikkje at me ikkje vil lytte og kalibrere oss opp mot dei strøymingane som finnes i lokalsamfunna. Det vil alltid vere viktig for oss å bygge legitimitet og fellesskap, og det gjer me gjennom eit dynamisk samspel med kulturlivet. Denne planen gjeld altså fyrst og fremst Voss herad sin eigen kulturverksemd, men me vil oppmoda til og ynskjer å skapa det kulturelle Voss sammen med kulturlivet og invitere inn til felles retning. Planen viser derfor til aktivitet som ikkje er Voss herad sitt ansvar, men her vil me oppmoda kulturlivet og idretten til å arbeide saman med oss for å nå desse måla.

Voss herad sin kulturpolitikk og kulturverksemd skal både nå breitt og men samstundes ha eit særleg fokus på dei som elles fell utanfor eller står i fare for å falle ut av fellesskapen. Det kan gjeld både unge og eldre, innvandrar, folk med nedsett funksjonsevne eller folk som av andre grunner ikkje finn det naturleg å delta. Desse gruppene skal ha heradet sin særlege merksemd.



## Voss er ein distriktskommune

I 2020 kom det ei utgreiing om status i distriktsnoreg og dei demografiutfordringane me står ovanfor. Befolkningsstatistikkane for distriktsnoreg er kjend; folketalet går ikkje ned, men det vert fleir eldre og færre unge i arbeidsfør alder. Denne situasjonen gjeld også for Voss. I sentralitetsindeksen (SSB) finn me Voss i gruppe 4, der me finn Oslo øvst i gruppe 1, og Utsira nedst i gruppe 6. Denne statistikken måler størrelse- og avstandsulementene til ein kommune og kan gje ei ramme for dei utfordringane kommunane står i når det gjeld busetnad og arbeidsmarkand.

Demografiutvalet gjev kommunane i gruppe 4-6 i sentralitetsindeksen, ein ny diagnose. Det er ikkje lenger slik at hovudutfordringa for distrikta er manglande arbeidsplassar og at ungdommen flytter til urbane strøk. I dag er det slik at dei ungdommane som kunne trekke mot sentrum faktisk ikkje finns. Utfordringa er at distriktsnoreg ikkje klarar å reprodusere seg sjølv, og at det ikkje lenger er nok folk til dei arbeidsplassane som allereie finns i distrikta. Medisinen er altså ikkje lenger fleir arbeidsplassar, men eit breitt spekter av distriktpolitiske tiltak som kan oppsummerast i at det må bli meir attraktivt å flytte til og bu i distrikta. Målet må altså vere å skape gode samfunn der folk ynskjer å bu.

*Utvalget mener helt klart at ambisjonen for distriktpolitikken framover bør være å videreutvikle særpreg og forskjeller mellom storby og småsamfunn og småsamfunnene imellom. Dette innebærer at distriktene ikke skal bli noen kopi av storbyene, men at bostedsvalg heller blir et valg mellom ulike typer tilværelser. Det er det gode samfunnet som settes som målet for utviklingen, ikke vekst i seg sjølv (NOU 2020:15).*

I eit slikt senario må Voss herad føre ein kulturpolitikk som skapar gode lokalsamfunn. Me må lyfte fram og dyrke det me er gode på og ha fokus på vårt eige særpreg. Me må dyrke kultur-, idrett-, friluftslivsressursane våre samtidig som me må gjere stadane og grendene våre attraktive.

Fleire av planane til Voss herad trekker i denne retninga. Kommuneplanens samfunnsdel, Strategisk næringsplan og Voss i Vekst peiker alle på at kultur og fritid er del av løysinga for ei ynskt nåtidig og framtidig samfunnsutvikling på Voss.

## Kultur, klima og berekraft

FN sitt berekraftarbeid er skissert ut i 17 overordna mål og 169 delmål. Alle måla vert relatert til dei tre dimensjonane økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Det er argumentert for at kultur burde vera ein eigen dimensjon i målbiletet, og at det burde vera eit eige mål knytt til kultur.



Argumenta har til no ikkje slått igjennom i FN som har argumentert mot dette ved å sei at kultur er del av og påverkar alle dei tre berekraftsdimensjonane (Zheng et.al 2021).

Kultur og berekraft kan tolkast gjennom tre ulike perspektiv. I ei brei forståing av omgrepet vil kultur i eit samfunn eller organisasjon spegla felles verdiar, haldningar og åtferd. Kulturen kan her vere med å legge til rette for berekraftig utvikling på eit overordna strukturnivå. Ei anna forståing av berekraft er dei kulturelle aktivitetane som sektoren har, altså korleis kulturlivet sjølv legg til rette for at deira verksemd er berekraftig. Det tredje perspektivet er knytt til kulturlivet sin moglegheit til å ta ein aktiv rolle som pådrivar for berekraftig utvikling gjennom formidling og ytringskultur (Miland et.al 2021:8).

Kultursektoren må vidare vere aktiv pådrivar av berekraftsløysingar gjennom alle dei tre berekraftdimensjonane:

- Miljømessig: kulturlivet må drive berekraftig innhaldsproduksjon og formidling, og haldningsskapande arbeid.
- Økonomisk: må legge til rette for at kunstnarar kan leve av kunsten, sirkulærøkonomien i kulturmiljøet vert lyfta fram, og at nærings- og reiseliv nyttar kultur i sine produkt.
- Sosial; kultur skapar sosiale arenaer, fellesskap og inkludering på tvers av sosiale skiljelinjer.

Kultur er ein del av klimaløysinga og me vil freiste å synleggjera det gjennom planen.

*Å finne klimaløysingar og nye mønster for konsum er sjølvstendig viktig, men det er vanskeleg å lykkast med ei omstilling dersom ikkje kjenslene og relasjonane våre er kopla på. Eksponering for og deltaking i kunst- og kultur fremjar slike koplingar. Kultur bidreg både til kreative løysingar på korleis vi kan gjere ting og bringer oss òg nærmare ei erkjenning av kvifor det er viktig (Solveig Korum, Kulturtanken [Kulturell bærekraft - Kulturtanken](#))*





## Hovudutfordringar

Hovudutfordringane til Voss kan delast inn i to hovudkategoriar; det er dei strukturelle overordna utfordringane og dei meir spesifikke utfordringane knytt til kultursektoren på Voss. Begge perspektiva er viktige å ta med seg inn i arbeidet med kulturplanen. Kort fortalt kan me samanfatta utfordringane slik<sup>1</sup>:

- I det store bilete er hovudutfordringane knytt til **Klima og berekraft** og **Demokrati og deltaking** - politisk polarisering, skeivdeling av kunnskap og informasjon og ekko-kammer. **Kunstig intelligens** – som utfordrar kunstens kvalitet og autonomi gjennom digitalt genererte kunst, musikk, tekst og teater/levande bilete.

Ser me spesifikt på Voss har det teikna seg eit bilete som ser slik ut:

- **Demografi**; også på Voss vil aldersgruppe 67+ auka i planperioden og gruppa i arbeidsfør alder vert relativt mindre.
- **Kompetanse**; det er mangel på arbeidskraft, og nok og rett kompetanse i fleire sektorar.
- **Dyrtid**; kulturlivet opplever dyrtid både i forhold til nedgang i publikumsbesøk og infrastrukturen som er naudsynt for å skapa gode kulturprodukt.
- **Frivilligheit**; frivilligheita slit med å rekruttera til drift av laga. Fleire og fleire frivillige ynskjer berre å delta i einstilte arrangement og prosjekt.
- **Utanforskap**; gjeld mange grupper, men er særleg kritisk blant barn og unge. Sjølv på Voss lever mange barn og unge lever i familiar med vedvarande låginntekt som er ei kjend barriere for deltaking. Utanforskapet har samfunnsmessige og personlege kostandar og er ein stor utbrukt ressurs.
- **Psykisk helse**; det er ei negativ utvikling av den psykiske helsa blant ungdom på Voss. Det rapporterast om aukande mistrivsel særleg blant elevane på ungdomstrinnet.

---

<sup>1</sup> Sjå også vedlegget Bakgrunn og kunnskapsgrunnlag til Kulturplanen.



- **Møteplassar og kulturarenaer**; Både på Vangen og i grendene er det behov for gode og opne møteplassar og tilrettelagte kulturarenaer.
- **Økonomi**; kulturlivet er avhengig av ekstern finansiering. Dei økonomiske støtteordningane for kulturlivet både frå stat, fylke og private fond og stiftingar, er under press.
- **Natur og friluftsliv**; turisme og naturbruk legg presset på natur og friluftslivområde.

### Medverknad

Voss herad sitt arbeid og sine tenester må alltid ha legitimitet og tillit, og for å sikre det er det viktig at planane våre er forankra og at me spelar på lag med innbyggjarane. Dette gjer me gjennom ulike medverknadsprosessar. I denne planen har me veksla mellom ulike måtar for å innhenta informasjon, meiningar og synspunkt frå innbyggjarane.

Dei siste åra har det i Voss herad vore jobba fram fleire større kommunedel- og temaplanar. I utarbeidinga av desse planane har det vore jobba godt med innhenting av kunnskap og informasjon gjennom breie medverknadsprosessar. Dette kunnskapsgrunnlaget har me også lagt til grunn i denne planen og lest dei med kulturelle briller.

Når dei gjeld det spesifikke kulturpolitiske grunnlaget har Utval for kultur og næring lagt det i eit politisk arbeidsmøte. Vidare har innbyggjarane kome til ordet gjennom tre referansegrupper som hadde to møter kvar. Alle møta har drøfta status og framtidsbilete på heile kulturfeltet. I tillegg har me gjennomført «revolverintervju» der 40 personar vart tilfeldig stoppa på gata i Oslo og spurt kva dei forbinder med Voss. I samband med frivilligåret 2022 var det gjennomført innspelskveld for lag og foreiningar på Voss. Det er utarbeia SWOT analysar i alle avdelingane i kommunalområdet for kultur og fritid, og alle tilsette har vore med på to samlingar gjennom prosessen

Det er leiargruppa i kommunalområdet for kultur og fritid som har vore styringsgruppe, og alle tilsette har vore med å gjett innspel og føringar gjennom heile prosessen.



## Kor er kultursektoren og kulturlivet på Voss i dag?

Som viktig grunnlag for dei strategiske vala me har teke i Kulturplanen, ligg ein samla vurdering av status på kulturfeltet slik det står fram i dag. Under er ein gjennomgang knytt opp til dei fem strategiområda i planen:

### **Satsingsområde 1: kultur byggjer menneske og samfunn**

Voss er ein markant kultur- og idrettskommune. Ekstremporten set Voss på det internasjonale kartet, men den klassiske skibygdha har lange historiske røter og vossingane tar framleis medaljar i det internasjonale skisporet og i skisportar utan spor. Voss markerer seg også på andre idrettsområde. Voss Cup er ein av landets største fotballcupar for born med om lag 600 påmelde lag. Dei store festivalane har vore viktige på Voss i fleire tiår. Sjølv om dei ikkje når like breitt, har dei innafor sine sjangrar vore markante aktørar som har prege miljøa og musikken nasjonalt og internasjonalt på sine felt. Vossa jazz har i 50 år vore viktig for det norske jazzmiljøet og har gjennom alle desse åra utvikla seg i takt med samfunnsstrøymingane. Osafestivalen starta som ein liten og smal festival for folkemusikk, men har dei siste åra vakse monaleg og er i dag ein svært viktig arena for nasjonal- og internasjonal tradisjonsmusikk. Over år har Voss bygd sterk arrangørkompetanse og underskogen av små og store festivalar og arrangement er stort. Mykje av dette kviler på kulturfrivilligheit, men det finnes også næringer som spring ut av kultur og som er knytt opp til kulturlivet. Dei økonomiske og samfunnsmessige ringverknadane av kultursatsinga er betydeleg.

Kulturlivet på Voss avgrensar seg ikkje til dei store festivalane. Det er eit kulturelt grunnlag som lever i heile kommunen gjennom arbeidet med kulturarv og kulturmiljø, kulturfrivilligheit, lag og foreiningar. Kultur for barn og unge er ei oppgåve som vert løyst både av heradet og det frivillige kulturlivet. Kulturskulen på Voss er stor og veksande, men det er framleis ventelister. Dei siste åra har det vore jobba med desentralisering av tilbodet. Det er tilbod i kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken. Det har vore viktig for Voss å nytta desse tilboda til å fremma lokal kunst og kultur i tillegg til å gje ungane eit møte med profesjonelle utøvarar. Musikk og kunstoppplæring skjer ikkje berre i regi av heradet. Skulekorps rekrutterer mange unge, og ulike typar private opplæringstilbod finnes.

Voss er ein stor kommune i utstrekning med mange livskraftige grender. I disse grendene er dugnadsviljen sterk og aktivitetsnivået høgt. Vossevangen er eit kompakt og sterkt regionsenter. Over mange år har det vore ein uttalt målsetting å styrke sentrum, som motor for heile heradet og regionen. Det



er utarbeida ein sentrumsplan som legg føringar for den fysiske utviklinga men også rammer og mål for eit levande sentrum som innbyr til aktivitet og møteplassar. Det er framleis utviklingspotensiale i sentrum og kultursektoren må ha ein sentral plass i denne utviklinga.

### **Satsingsområde 2 Kultur er kunnskap, ytring og demokrati**

*«Kulturlivet representerer et meningsmangfold det er svært viktig at vi alle eksponeres for, det trener oss i å leve i et uenighetsfellesskap» (KS:2021).*

Dei siste åra er demokrati rundt om i verden sett under press gjennom polarisering, mistru til styremakter og media, og danning av alternative verdsbilete. Ein demokratisk styreform er ikkje noko me kan ta for gitt. Strøymingar i samfunnet kan bidra til ein ikkje ynskt utvikling. Me har alle eit ansvar for å hegne om, styrka og utvikla vårt eige samfunn og vår ytringskultur. Ein fri og uavhengig kultursektor har stort potensial til å ta ein slik rolle. Gjennom kunsten vert me utfordra til å sjå verda på nye måtar og me vert trena til å ta inn på nye perspektiv og forståingar. Dette skaper toleranse og bygger bruer mellom ulike kulturar, folk og verdsbilete.

*Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag (Meld. St. 8 (1018-19)).*

Voss er ein del av det store bilete og tek ansvar for sin del av dette store demokratiske prosjektet. Voss har fleire arenaer for ytringskultur. Den viktigaste er Voss bibliotek. Biblioteka har ei heilt spesifikk rolle som arena for kritisk refleksjon og debatt. Kunst- og kulturfeltet i brei forstand er ytringar som bygger refleksjon og forståing i eit uenighetsfellesskap.

Andre særlege verksemder som er viktig i den offentlege samfunnsbygginga er musea. Musea

*er sentrale aktørar i den grunnleggjande infrastrukturen for demokrati og frie ytringar (...). Regjeringa meiner at det også framover er dette som fyrst og fremst legitimerer at det offentlege engasjerer seg for museumssektoren. I dette er det særleg viktig å sikra mangfald og representativitet (Meld. St 23 (2020-2021)).*


Voss har høgskuletilbod innan kultur. Ole Bull akademiet er ein solid og anerkjend institusjon for utdanning av utøvande tradisjonsmusikarar og felemakarar. Vestnorsk kulturakademi har over dei siste åra hatt ein fallande aktivitet, men er no på veg opp igjen med tilbod om utdanning på fleire utøvande praktiske fag.

### Satsingområde 3; Kultur er møteplassar, fellesskap og helse


Voss skårar generelt høgt på trivselsundersøkingane blant barn og unge (Ungdata/Barnefamiliepanelet), men dei siste åra har det vore ein urovekkande tendens i høve trivnad på skulen og psykiske utfordringar særleg blant jenter.

«Det er ikkje lett å veksa opp i ei bygd der alle er verdsmeistrarar»; Utsegnet vart skrive i marginen på ungdatasvaret til ein 8. klassing på Voss og skildrar ei verd som det ikkje er lett å få auga på i denne bygda som er så full av medaljar. Voss er den bygda i verda med flest OL og VM medaljar i forhold til innbyggjartalet. Voss er ei bygd der jazz, folkemusikk, vintersport, og ekstremспорт står sterkt og er ein integrert del av oppveksten til vossaungane. Men sjølv på Voss finn me dei ungene som aldri har hatt ski på beina, som aldri har sete i ein stolheis og som aldri har delteke i


badnajazzen. Her som andre stader skammar ungar som lever i fattigdom seg over sin eigen livssituasjon, dei fell utanfor det sosiale miljøet og dei uroar seg for framtida. På Voss aukar delen ungar som lever i låginntektsfamiliar. Den generelle livskvalitet er ofte låg for desse barna. Fattigdommen påverkar deltaking og inkludering, butilhøve, skulegang, vennskap, fritidsaktivitetar og helse.



Voss, 2021



Psykisk helse blant ungdomsskoleelever 2013-2021



Voss, 2021

Det er eit stort mangfald i kulturtilbodet på Voss i dag, og for dei som nyttar seg av dette tilbodet er mangfaldet gjevande. Mangfaldet og den geografiske breidda er også viktig for kulturfrivilligeita. Gjennom kulturaktivitet møtast folk og skapar fellesskap. Dette er viktig for lokalsamfunna og for folkehelsa. Samtidig kan kultur vera ein arena inkludering, men det viser seg at særleg innvandrarar har utfordringar med å kopla seg på «dugnads-kulturen». Dette må kulturlivet vera merksam på og vera med å ta ansvar for at kulturen vert ein arena for møte mellom nye og gamle vossingar.

#### Satsingsområde 4 Kultur er tradisjon, identitet og nye impulsar

Voss er bygda der det moderne vert tradisjon. Vossingane har tradisjon for å utfordra det sjølvsgagt, dei tørr å satsa og tenke stort og nytt. Samtidig finnes det ein sterkt bevisstheit rundt historisk kulturarv, kulturmiljø og tradisjonar. Denne samankoplinga skapar eit solid grunnlag for levedyktigheit og utvikling. Voss har eit omdømme som balansere det gamle og det nye, det tradisjonelle og det moderne.

Vossevangen er ein motor i utviklinga av Voss, men det er også sterk stadsidentiet i grendene. På Voss finnes det vossingar, strendinger, vassvøringar, gravensarar og raundøler. Dei ulike lokalsamfunna har sine identitetar, særpreg og samlingspunkt. Voss herad anerkjenner grendene sine særeigne stadsidentitetar. Samtidig er Voss ein plass med tilflytting, både av folk frå andre stadar i Noreg og frå andre land. Det er eit mål i kulturmiljøpolitikken at den skal vere mangfaldig og inkluderande. Vossingane sin kulturarv må ikkje bli så «sterk» at den ekskluderer den arven dei nye vossingane har med seg.



Klimaendringane med eit våtare og villare klima trugar kulturmiljøet, landskap, natur og infrastruktur elles. Gamle bygningar slit i det fuktige klima og mange rotnar på rot, og vatn vaskar med seg kulturlandskap og kulturmiljø. Det vert viktig å planlegga på ein slik måte at me tek omsyn til desse utfordringane også i kulturmiljøarbeidet. Det er levande handverkstradisjonar på Voss knytt til tradisjonshandverk både på Voss folkemuseum, Ole Bull akademiet, Vestnorsk kulturakademi og i private handverksbedrifter. Dette er viktig grunnlag for å kunne forvalta kulturmiljøet på ein god måte.

### **Satsingområde 5 Kultur som næring**

Feltet kultur og næring kan analyserast med ulike perspektiv. For det fyrste gjeld det kulturen som innsatsfaktor for rekruttering av tilflyttarar og arbeidskraft til heradet. For det andre er det dei kreative kulturnæringane der kunstnarar og kulturarbeidarar har kulturproduksjon som heile eller del av inntekta si. For det tredje er det næringsaspekt ved fleire av heradet sine egne kulturtenester som mellom anna konsertar og kino. Inntening knytt til eigendelar og gebyr vert ikkje rekna inn her.

Vossingane er jamt over bevisst sin kulturelle kapital, og den store bevisstheita rundt kulturens rolle på Voss pregar ikkje berre kulturlivet. Når næringslivet vert utfordra på kva som er viktig for rekruttering til næringslivet i bygda, er det gjennomgåande at dei peiker på kultur og idrett. Den meirverdien dette skaper er viktig i eit tid med sterk konkurranse om arbeidskrafta (Voss i Vekst).

Voss er ei turistbygd med stor hytteturisme, men også betydeleg tal turistar som kjem for å oppsøkja kjende landemerke i naturen. Instagramsamlarane har dei siste åra vorte ein betydeleg turistgruppe og stadar som Kjellandsbu og Oksen er kjende turistmål. Denne turismen er ofte lagt til sårbar natur og slitasjen er til dels betydeleg. Voss er ei stor landbrukskommune og lokalmatproduksjonen har delvis vakse dei siste åra, men her vert det peika på at me har eit ubrukt potensial (Menon 2020). Festivalane tiltrekker seg mykje folk og dei økonomiske ringverknadane er store, i tillegg dannar festivalane grunnlag for verksemder som er viktige for produksjon og gjennomføring av festivalane. Dette dreier seg om overnattingsplassar, matprodusentar, lydproduksjon med fleir.



## Del 2 Kunnskapsgrunnlag

---

### Kunnskap om Voss

Kommuneplan med kunnskapsgrunnlag	Voss herad	
Analysevedlegg Voss i vekst	Voss herad	<a href="#">Voss i vekst - Voss herad</a>
Kulturmiljøplan	Voss herad	<a href="#">Kulturmiljøplan - Voss herad</a>
Kunnskapsgrunnlag SNU	Voss herad	
Kunnskapsgrunnlag Oppvekst	Voss herad	
Kunnskapsgrunnlag Vossaklima	Voss herad	<a href="#">Kunnskapsgrunnlag - Voss herad</a>
Kunnskapsgrunnlag reiselivsstrategi	Voss herad/Voss næringshage	
Rapport Sirkulære Voss	Voss herad/Green house	<a href="#">051022_rapport-sirkulare-voss.pdf</a>
Norsk kulturindeks	Telemarksforskning	<a href="#">Norsk kulturindeks</a>
Folkehelseprofil 2023	Folkehelseinstituttet	<a href="#">Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI</a>
Oppvekstprofil	Folkehelseinstituttet	<a href="#">Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI</a>
Ungdata	Ungdatasenteret/KoRus	<a href="#">PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)</a>
Analyse av næringslivet på Voss	Voss herad/Menon	<a href="#">Figurer til rapport 12865 Roche (voss.herad.no)</a>
Frivillighet på Voss	Frivillig Norge	
Barnefamiliepanelet	Bergen Kommune/Vestland fk	<a href="#">Barn og unge i Vestland. Faste organiserte aktiviteter 2022. Revidert utgåve.pdf</a>





## Regionale, nasjonale føringer og analyser

Regional plan for kultur, idrett og frivillighet	Vestland fylkeskommune	<a href="#">Regional plan for kultur</a>
Et kunnskapsbasert og langsiktig mangfoldsarbeid	Norsk kulturråd	<a href="#">Et kunnskapsbasert og langsiktig mangfoldsarbeid</a>
Idretts glede for alle - Arbeid for mangfold og mot rasisme UIS skriftserien nr. 64 2021	Idrettsforbundet	<a href="#">Idretts glede for alle</a>
Kultur + skole = sant kunnskapsgrunnlag om kulturskolen TF-rapport 489_2019	Telemarksforskning	<a href="#">Kultur+skole=sant</a>
Suksessrike distriktskommuner En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommune TF-rapport 303 2012	Telemarksforskning	<a href="#">Suksessrike distriktskommuner - en studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner – Distriktsenteret</a>
Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre	Helse-omsorg dep.	<a href="#">Leve hele livet</a>
Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikk	Miljødep	<a href="#">Nye mål i kulturmiljøpolitikken</a>
Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge	KUD	<a href="#">Oppleve, skape, dele</a>
Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet	KUD	<a href="#">Musea i samfunnet</a>
Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft - Kulturpolitikk for framtida	KUD	<a href="#">Kulturens kraft - kulturpolitikk for framtida</a>
NOU 2020: 15. <i>Det handler om Norge. Bærekraft i hele landet. Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene.</i>	Regjeringa	<a href="#">NOU 2020: 15 (regjeringen.no)</a>



Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv-natur som kilde til helse og livkvalitet	Klima og miljø	<a href="#">Friluftsliv-natur som kilde til helse og livkvalitet</a>
Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel	Vestland fk	<a href="#">Regional plan for attraktive senter</a>
Rom for demokrati og dannelses - nasjonal biblioteksstrategi	KUD	<a href="#">Rom for demokrati og dannelses</a>
Ungdoms tilhørighet, trivsel og framtidsplaner i Distrikts-Norge	NOVA	<a href="#">Ungdoms tilhørighet, trivsel og framtidsplaner i Distrikts-Norge</a>
Organisering og kompetanse i kommunal kultursektor	Telemarksforskning	<a href="https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/fil.asp?fil=3498">https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/fil.asp?fil=3498</a>
Grønt veikart for kunst- og kultursektoren	Grøntveikart	<a href="#">Grønt veikart</a>
Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning	Riksantikvaren	<a href="#">Riksantikvarens klimastrategi</a>
Fremtidens kultur i et brukerperspektiv	INFuture	<a href="#">Fremtidens kultur i et brukerperspektiv</a>
Kultur og attraktivitet	Telemarksforskning	<a href="#">KulturAttraktivitet2018.pdf (distriktssenteret.no)</a>
Lærdommer fra gode vertskommuner for næringsutvikling	Samfunnsøkonomisk analyse	<a href="#">Lærdommer fra gode vertskommuner for næringsutvikling</a>
Folkebiblioteket som uavhengig møtestad og arena for offentlig samtale og debatt i ei digital tid	UiO	<a href="#">Folkebiblioteket som uavhengig møtestad og arena for offentlig samtale og debatt</a>
Kultur og bærekraft: En kartlegging av kunnskapsstatus og praksiser i kultursektoren	Telemarksforskning	<a href="#">Kultur og bærekraft: En kartlegging av kunnskapsstatus og praksiser i kultursektoren   Telemarksforskning</a>
Veier til bærekraftig verdiskaping og velferd	Menon economics	<a href="#">Veier til bærekraftig verdiskaping og velferd - Menon Economics</a>



## Innspel og medverknad

### Dialogmøte med utval for kultur og næring 27.4.22

Utval for kultur og næring er politisk styringsgruppe for kulturplanen. I oppstarten av arbeidet blei det arrangert ein dialogmøte for å sette rammer og føringar for arbeidet. Gruppa drøfta status, utfordringar og moglegheiter med utgangspunkt i dei strategiske områda attraktiv, innovativ og inkluderande.

Politikarane har eit strategisk overordna blick på kulturen si rolle i lokalsamfunnet. Dei hadde fokus på dei moglegheitene som Voss har i høve nærleiken til Bergen og som sentralt trafikknutepunkt. Det er mange ulike tilbod med stor variasjon, gode festivalar, vakker natur og stoltheit av historie og tradisjonar. Vidare er det styrke for Voss at det er eit kompakt sentrum, gode og levedyktige grender, og ei sterk vilje til innovasjon og til å skapa utvikling. På den andre sida ser politikarane at reiseliv og turisme medfører eit sterkt press på natur og friluftsområde som me må vere merksame på framover. Dei ser også at Vossingane gjerne kan bli noko sjølvsentrerte og at det vil måtte vere eit mål framover å arbeide med å skapa ein inkluderande kultur både på kultur og næringsområdet.

Utvalet peiker på at det vil vere viktig framover å motivera til innovasjon også på kulturfeltet, og at me har ei styrke i å kopla kultur, tradisjon, innovasjon og næringsutvikling. Det vil vidare vere viktig å halde arbeidet med inkludering og mangfald høgt.

### Ressursgrupper våren 2022

Det blei sett ned tre breitt samansette arbeidsgrupper som kvar hadde to møte der dei i fyrste møte hadde fokus på status og andre møte blei framtidsbilete teikna. Gruppene arbeidde med utgangspunkt i dei tre strategiområda attraktive, inkluderande og innovative Voss. I fyrste møte skulle dei analysere status på Voss utifrå det tema dei sorterte under, og på møte to skulle dei teikna opp eit framtidsbilete. Strategiområda i Kommuneplanens samfunnsdel blei analysert med kulturbriller og arbeidsgruppene som fekk i oppdrag å kome med innspel på utfordringar og moglegheiter knytt til kvart sitt område.

Når resultatane frå møte vert analysert ser me at det er mykje som går igjen. Gruppene meiner at det er mykje positivt ved Voss som me kan bygge vidare på. Det er eit mangfald av både kultur, idrett og friluftslivsmoglegheiter. Voss har mange sterke og innovative krefter som er med å skape utvikling. Vossingane er uredde og nytenkjande. Dette er også ei bygd som kviler på ein balanse mellom gammalt og nytt, utvikling og tradisjon.



Innovasjonen bygger i mange samanhengar på historia. Voss har ei tydeleg stemme og synlegheit der ute, og opplever å ha eit godt omdømme. Frivilligheit og dugnad vert trekt fram som eit sentralt trekk ved Voss, men dette vert og trekt fram som eit av dei punkta dei ser som utfordrande i tida som kjem.


Når det gjeld moglegheiter og ynskjer for framtida er desse også delvis samanfallande. Alle peiker på at samarbeid og samskaping er viktig. Kulturlivet og heradet må trekke i same retning og byggje kvarandre gode. Det vil vere viktig at heradet ser og støtter opp under dei initiativa som kjem frå kultur- og idrettslivet.

Gruppene meiner det vil vere viktig å arbeide for gode møteplassar, både formelle og uformelle. Alle aldersgrupper vil ha behov for å møtast, men dei har eit særleg fokus på ungdom. Dei peiker også på at me må skape grunnlag for møter og aktivitet både i sentrum og i grendene.

I åra som kjem vil det bli ei utfordring å sikra rekruttering og kompetanse. Dette vil gjelde både til det frivillige arbeidet, men også til heradet og næringslivet. Det vil bli viktig å gjere seg attraktiv.

### **Revolverintervju hausten 2022**

To studentar gjennomførte 40 revolverintervju i Oslo, på Karl Johans gate og ved OsloMet. Dette er sjølvsagt svært uvitskapeleg forskning, men kan gje ein liten indikasjon på bilete av Voss sett utanfrå. Oppdraget var å stille forbipasserande to spørsmål; hadde intervjuobjekta høyrte om Voss og kva forband dei med Voss. Av dei 40 var det 15 som ikkje hadde høyrte om Voss, og 8 som berre forband Voss med Voss vann. Talet respondentar som ikkje hadde høyrte om Voss var nok ikkje representativt då desse intervju blei gjort på Karl Johan og av turistar. På OsloMet hadde dei fleste høyrte om Voss. Det er to hovudfunn som kom fram her. Respondentane som kjende til Voss forband Voss med natur, friluftsliv og ski, eller ekstremспорт. Det er verdt å merke seg at ingen av desse knyta Voss til kultur som festivalane eller kulturmiljø.





SWOT-analysar i alle avdelingar i kommunalavdeling for kultur og fritid våren 2022

<p>I kulturbygda Voss er det nokre omgrep som går att oss alle (om enn formulert på ulikt vis)          Tradisjon, historie og staden som merkevare vert framheva av alle som styrker Festivalane våre er ei styrke og i tett samanheng med desse ser me styrken i frivilligheita          Voss herad er nett passeleg stor, ei styrke er også nærleiken til Bergen          Kva er det av styrker knytt til avdelingane våre?          Høg kompetanse, blide, engasjerte og dyktige medarbeidarar.          Me er stolte over tilboda me gjev og framhevar at me har gode lokalar, er sentralt plassert og har eit mangefasettert tilbod</p>	<p>Svekka eller usikker økonomi er noko som fleire meiner er ein svakheit, på eit overordna nivå          At det er lite samarbeid på tvers mellom kulturaktørane i heradet er ein svakheit          Mindre tema:          -manglande parkering          -dårleg/lite informasjon/dårleg skilting          -svakheiter knytt til lokala våre (støy, ventilasjon, solskjerming, for liten plass/for få rom, manglande konsertsal/kafé/backstage)</p>
<p>Noko som utmerkar seg er at me alle meiner me har større muligheitar til samarbeid, og då snakkar me samarbeid i utvida forstand (både på tvers av einingar og ut til andre)          Me ser muligheter i at Voss har eit internasjonalt og fleirkulturelt miljø.          Merkenamnet Voss er ei mulighet mange framhevar          Den store breidda i tilboda i Voss er ein mulighet          Ein annan mulighet me er eins om, er at me kan bli betre på mange område – me har forbedringspotensiale!</p>	<p>Samfunnsflokke som aukande utfordringar knytt til psykisk helse, rus, økonomisk ulikheit, og barnefattigdom er truslar me alle har framheva          Dårleg/svekka økonomi er det me ser på som den største trusselen for kulturheradet          Dårleg kollektivtransport som gjer det vanskeleg å delta på kulturarrangement er ein trussel          Svekkede omdømme/omdømetap er ein trussel som fleire nemner          Flaum, pandemi og andre katastrofale hendingar er truslar me også er uroa for          Men det er også mindre ting me ser på som truslar, til dømes manglande parkering og inneklima</p>






## Voss i tal – Kulturindeksen

Kvart år gjev Telemarksforskning ut rapporten Norsk kulturindeks. Ved å samle talmateriale frå fleire ulike kjelder kan dei sei noko om statusen for kulturlivet i Noreg på kommunenivå. Kommunane sine tal vert samanlikna med andre relevante kommunar og gjennomsnittet for heile landet. Både situasjonen i dag og tendensar over tid for ei rekke områder innafor kunst- og kulturfeltet vert analysert.


Figuren til høgre viser plasseringa til Voss i Norsk kulturindeks (parentes bak namnet) . Figuren viser også korleis de ulike kategoriane verker inn på plasseringa.

Dei beste plasseringane finner vi innan kulturarbeidsplassar, frivillighet og kino. Dei lågaste plasseringane er innanfor kultur for barn og unge og museum.

Det er av interesse at den høge skåren på kulturarbeidsplassar skuldast det høge talet tilsette i Sylvsmidja.



Figur 1.2.2 Verdier og rangeringer i Norsk kulturindeks.




Figur 2.1.2 Netto driftsutgifter til kultur i norske kommuner fordelt på budsjettavdeling. Kroner per innbygger.



Når det gjeld den låge skåren på kulturarbeid for barn og unge skuldast det sannsynlegvis ein viss grad feilrapportering. Det som merkar seg negativt ut er at det framleis er mange barn på venteliste i kulturskolen, og samanlikna med landet elles er også besøket i fritidsklubbar lågare. På den andre sida er talet undervisningstimar og deltaking i kulturskolen høgare enn den strukturelle sidene ved voss herad skulle tilsei.

Av andre interessante tal viser dei at ein kommune som Voss burde hatt fleire kunstnarar og eit betre tilbod på scenekunst som teater og dans, medan kinotilbodet og bibliotektilbodet er betre enn ein kunne venta.

Når de gjeld frivilligheit ligg Voss langt over landsgjennomsnitt i medlemstal. Det er særleg medlemstala til historielag, husflidslag og kunstlag som ligg over landsgjennomsnitt.



Figur 3.8.3 Elever i kulturskolen eller venteliste til kulturskolen per barn i grunnskolealder (6-15 år) i Voss, Norge og utvalgte kommuner.

## Ungdata

Ungdata er eit spørjeskjemabasert verktøy som gir eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Rapporten tek føre seg 23 tema og gjev eit bilete av ungdomstida i starten av tenåra. Innanfor kvart tema blir det opplyst kva gutar og jenter har svart på spørsmåla, og om det er forskjellar mellom ungdom på ulike klassetrinn.

På Voss er det gjort Ungdataundersøkingar sidan 2007. I perioden har det vore ei positiv utvikling for Vossaungdommen på dei fleste indikatorer som ungdatabar spør om. Til dømes på tema rus her ifrå 2021 undersøkinga på ungdomsskolen :

- 90% har ikkje vore rusa på alkohol i løpet av siste året, og berre 1% har vore rusa meir enn 6 gonger siste året
- Bruk av røyk og snus går ned
- I høve bruk av hasj og marihuana ligg ein under landsgjennomsnittet, og veldig få har bruka slike rusmiddel.

Samanlikna med andre kommunar (jf. sentralitetsindeks) er det særleg på områda idrettsanlegg, lokale, kulturtilbodet og lokalmiljøet at Voss herad skil seg ut på ein positiv måte. Det er fleire ungdommar enn i andre, samanliknbare kommunar som seier at Voss herad har eit godt tilbod på idrettsanlegg og lokale der ein kan treffe andre unge på fritida.


Det er også fleire ungdommar på Voss som meiner at kulturtilbodet er bra samanlikna med andre stader, det same gjeld lokalmiljøet.

Sjølv om det er få negative trendar, kan me sjå negativ utvikling i trivsel på skulen og når det gjeld psykisk helse i ungdomskulealder, og spesielt gjeld dette jenter. Denne trenden er lik over heile landet.

# ungdata



Voss, 2021



Voss, 2021






## Barnefattigdom – om å vekse opp i vedvarande låginntekt

Sidan 2021 har Voss herad hatt prosjektet Bygd for alle. Hovudmålet har vore

*Redusera barrierar og utfordringar som fører til utanforskap for barn og unge på Voss. Sikra ta barn og unge har like moglegheiter til å vere del av eit fellesskap gjennom deltaking i fritidsaktivitetar, uavhengig av familiens økonomi.*

Tala viser ta det er 303 barn og unge som lever i vedvarande låginntekt i Voss (samla hushaldsinntekt 457 000). I vel halvparten av familiane har dei ikkje tilknytning til arbeidslivet. Det er særleg barn med innvandrarbakgrunn som er ramma (6 av 10). Det er også

Prosjektet går ut 2024, men problemstillingane vil vere aktuelle ut over prosjektperioden. Dette vil vere viktig å inkludera i framtidig planverk.



Tala er henta frå Bufdir sin kommuneoversikt i 2020 og Ungdata 2022.



Viktige innspel frå prosjektet som må fylgjast opp vidare:




## ALLEMED- dugnad

### Oppsummering

- Transport
- Fritidsmesse og faste møteplassar
- Styrka tverrfagleg samarbeid
- Kartlegging og synleggjering av aktivitetstilbod og støtteordningar

### Samarbeidspartnarar





## Folkehelseundersøkinga, oppvekstprofil og Barnefamiliepanelet


Desse to undersøkingane viser at vossingane jamt over lever gode og trygge liv. Det er få faktorar der me skil oss signifikant dårlegare ut enn resten av landet. Det er likevel verdt å merke seg nokre faktorar:

- Det er signifikant fleire vaksne som leiger hus framfor å eige enn i resten av landet. Det er nærliggande å tru at dette skuldast lågt tilbod og prisnivå.
- Grunnskulepoeng og leseferdigheiter er lågare enn i resten av landet.
- Ungdommane trener mindre i organisert idrett etter pandemien, mens den uorganiserte treninga har auka.
- Talet ungdommar som er nøgd med treffstadane i heradet er høg, og veksande.

Figur 1. Nærmiljøkvaliteter som har betydning for helse og livskvalitet.



Figur 1. Fritid og helse i kommunen. Tall fra 2020 er fra før pandemien, tall for 2022 er fra etter restriksjonene\*. (Kilde: Ungdata)





## Omdømme

I næringsssamanheng kan er det særleg Menon rapporten og innbyggjraundersøkinga til Visit Voss som er relevante. I ordskeya til venstre ser me den gjennomgåande trenden: det er natur – ekstremsport og kultur som kjenneteiknar Voss og som er det som gjer Voss attraktivt.



Figur 13 "Kva gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande?" (N=718)



Voss herad

## Vossaklima 2030

Vossaklima 2030 har som siktemål å redusera direkte klimautslepp, og ha ei bevisst og styrka satsing på naturen som karbonlager og vossingane sitt klimafotavtrykk. Slik skal Voss herad bidra lokalt i eit arbeid som samstundes gjev meining i ein større global samanheng. Dette er ein ambisiøs plan med 13 ulike satsingsområde og 122 strategiar.

Kulturmiljø og landskapsverdiar er viktige mål i planen (satsing 6). Planen peiker også på at det er viktig å legge til rette for og bygge opp under barn sitt engasjement i klimaspørsmål (satsing 10).



## Kunnskap frå andre kommunale planar

Det er særleg kunnskapsgrunnlaget til planane Voss i Vekst og Strategisk næringsplan som er relevante å nytta her, men også grunnlaget til Frivilligpolitikken sjølv om den ikkje er vedteke enno.

I Voss i vekst vart næringsliv og organisasjonar spurt om kva som skal til for å sikre nok orlg rett kompetent arbeidskraft i framtida.

Av alle spørsmåla som vart stilt i undersøkinga<sup>1</sup> var dette spørsmålet det einaste alle var ganske einige i; kultur- og fritidstilboda på Voss er viktig for rekruttering. Arrangement og tilbod innan kultur og aktivitetar har ei svært viktig rolle, og er viktig med tanke på synleggjering av Voss. Dei unike arrangementa gjev Voss eit stort konkurransefortrinn, og trekk til seg kompetanse me vanlegvis ikkje hadde fått. Med Voss herad sin flotte natur som grunnlag for å villa bu og jobba her, vert det naturleg å også satsa på å ta vare på denne.

Kultur er altså eit samfunnsområde som har stor legitimitet og ei sentral rolle i vossasamfunnet i dag.

I arbeidet med Strategisk næringsplan blei det slått fast at kultur, idrett og særleg arrangørbygda var eit fortrinn Voss har i næringsutvikling.







## Frivillighet på Voss

I 2017 gjennomførte Frivillig Norge ein kartlegging av frivilligheita på Voss. Noko av resultatane frå denne undersøkinga er framleis gjeldande, medan andre sider av frivilligheita er i endring. I samband med frivilligheits år 2022 blei det gjennomført ein kveldskonferanse som Frivillig Norge fasiliterte for Voss herad. Konferansen skulle munne ut i innspel til Frivilligpolitikken.

Kort summert opp kom det fram fylgjande:

- Frivilligheita sit på mykje kompetanse og ressursar som heradet kan nytta.
- Rekruttering av frivillige er ei utfordring, og det kan sjå ut som det er ein samanheng mellom rekruttering og aktivitet og økonomi i laga.
- Det er behov for fri midlar som laga kan søkje på og informasjon om stønadsordningar
- Det er behov for gode møteplassar og lokalar for frivilligheita.
- Det bør leggjast til rette for faste kontaktpunkt mellom heradet og frivilligheita.
- Frivilligheita må lyftast fram og synleggjerast.

Heile det breie kulturfeltet kviler på frivillig arbeid og heradet må balansera ein aktiv rolle inn mot feltet med frivilligheita sitt behov for armlengds avstand. Samtidig må heradet finne rolla si opp mot Voss frivilligsentral.

Frivilligpolitikken er under arbeid og Kulturplanen må bygge opp sine mål og strategiar i hopehav med frivilligpolitikken.

FRIVILLIGHETEN +  
KOMMUNEN  
= SANT

KARTLEGGING AV FRIVILLIGE  
ORGANISASJONER I VOSS KOMMUNE 2017:  
UTFORDRINGER, MULIGHETER OG  
SAMARBEID

1



## Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit

"Kultur bygger samfunn" er ein regional plan for kultur, idrett og inkludering for Vestland fylkeskommune. Denne planen ter sikte på å fremja og styrka kultursektoren, idretten og inkluderingsarbeidet i heile regionen. Vestland fylkeskommune har ein egional samfunnsutviklarrolle og planen er difor ein plan for heile kulturfeltet, og retningsgjevande for statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd, jf. plan- og bygningslova. Realiseringa av planen er slik eit felles ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane, privat sektor og sivilsamfunnet.

Regional plan for kultur prioriterer fire satsingsområde:

1. Vestland – ein leiande region
2. Deltaking, demokrati og mangfald
3. Verdiskaping
4. Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling

Desse satsingsområda er knytte til overordna berekraftsutfordringar, som er ein føresetnad for planlegginga.

Inkludering er et nøkkelord i planen, med mål om å skape et inkluderende samfunn der alle føler seg velkomne og deltakande. Dette inneber også å legge til rette for at ulike kulturelle og idrettslege uttrykk og aktivitetar får plass og anerkjennast.

Planen tar sikte på å styrke kompetansen i kultursektoren og idretten, samt å legge til rette for nyskapende prosjekter og initiativer som kan bidra til å utvikle både kulturell og idrettslig aktivitet.



## Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft - kulturpolitikk for framtida

Hovudbodskapan i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for yringsfridom og eit velfungerande demokrati. Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den einskilde, og inneber òg at ein blir vand med å møte eit mangfald av meiningar og yringsformer. Slik kan kulturlivet fremje toleranse og forståing for andre og skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn og styrka kulturens rolle som drivkraft for samfunnsutvikling og individuell vekst. Kulturmeldinga foreslår prinsipp for oppgåve- og ansvarsfordeling mellom forvaltningsnivåa.

Meldinga understrekar kulturen si rolle i å styrke demokrati, inkludering og økonomisk vekst. Vidare er tilgjengelegheit til kultur for alle, uavhengig av bakgrunn eller bustad viktig, og at me stimulere kulturell nyskaping og kreativitet. Meldinga ter sikte på å modernisere kulturpolitikken for å møte nye digitale utfordringar og endringar i kulturlivet. Den legg og vekt på ivareta og formidle kulturarv.

Meldinga inneheld tiltak som å styrke kunst- og kulturskulane, forbetre arbeidsvilkåra for kunstnarane, auke kulturtilbodet i skulen, og fremme samarbeid mellom kultursektoren og næringslivet. Vidare vektlegg den satsing på mangfald og inkludering, samt støtte til regionale og lokale kulturaktørar. Meldinga sett og fokus på internasjonalt kultursamarbeid og utveksling.

(Oppsummeringa er gjort av AI og kontrollert av skrivaren)



### Meld. St. 8

(2018–2019)

Melding til Stortinget

#### Kulturens kraft

Kulturpolitikk for framtida



## Kultur og berekraftig verdiskaping

I Menonrapporten Veier til berekraftig verdiskaping og velferd (28/2021:42) skriv forskarane dette om kultursektoren:

### 4.2. Kultur

*På lang sikt er det grunn til å **fremheve at behovet for frie kulturelle uttrykk i samfunnet vil bli stadig større**. For det første vil etterspørsel etter fritidskonsum, der kultur og kunst står sentralt, vokse kraftig når inntektene øker. For det andre er det behov for kunst og kulturuttrykk for å ivareta perspektivene til innbyggerne i et stadig meir mangfoldig samfunn. Dernest er kunstneriske og kulturelle uttrykk helt avgjørende for å vedlikeholde og utvikle samfunnskritikk og debattscener. Behovet for slik kritikk synes stadig økende i en verden der demokratiske verdier er under press og der populisme og innsnevring av individuelle rettigheter synes å få større oppslutning, også i den vestlige verden. Sist, men ikke minst er det behov for kunstnerisk og kulturell produksjon og verdiskaping for å berike og utvikle det rene kommersielle feltet i økonomien. Mye av det som selges som rene konsumvarer henter inspirasjon fra kultursektoren fordi kulturfeltet er bærer av sterke uttrykk som inneholder tydelige og ofte utfordrende verdier og perspektiver.*

Rapporten peiker på den generelle utfordringa distrikstnoreg har for å oppretthalde busetnad, arbeidsplassar og kompetanse. Desse utfordringane påverke også etterspurnad og tilbod i kultursektoren i distrikta og at faren for sentralisering av kultur og kreative næringar er stor.

Vidare peiker dei på at ulike aldersgrupper nyttar seg av ulike kulturtilbod, men at sektoren i liten grad treffer dei unge og dei med annan kulturell bakgrunn. Denne utfordringa må sektoren ta alvorleg for å sikra skattebetalaranes vilje til å finansiere kultur i ei tid med press på offentlege økonomi og behov for hardare prioritering.



RAPPORT  
VEIER TIL BÆREKRAFTIG VERDISKAPING OG VELFERD



MENON-PUBLIKASJON NR. 28/2021  
Av Karl Erik Schjøtt-Pedersen, Kristina Wilstad, Siri Vikøren og Leo A. Grünfeld



## Biblioteka i ei ny tid

Biblioteka har gjennom dei siste tiåra gjennomgått store endringar i føremål og praksis, men det grunnleggande føremålet ligg fast og kan delast i tre hovudmål:

1. **Allmenn tilgang til kunnskap:** Folkebiblioteka skal gje ålmenta tilgang til kunnskap og informasjon. Dette inkluderer bøker, tidsskrifter, aviser, og digitale ressursar, men også tilgang til å oppleve kunst og kultur.
2. **Utdanning:** Folkebiblioteka er viktige institusjonar for utdanning.
3. **Demokrati og deltaking:** Folkebiblioteka spelar ein sentral rolle i å fremme demokrati og samfunnsdeltaking. De gjev folk tilgang til informasjon som er naudsynt for å delta aktivt i samfunnet, forstå politiske spørsmål og ta informerte avgjersler.

I den nye biblioteksstrategien Rom for demokrati og danning er det oppsummert:

Bibliotekene er demokratihus. Fra Nasjonalbiblioteket til folkebibliotek, skolebibliotek og fag- og forskningsbibliotek. Sammen utgjør disse viktig demokratisk infrastruktur og er en grunnstamme i demokratiet.

Oppsummert kan me si biblioteka har gått frå å vere ein plass for bøker til å vere ein plass for folk.



Kulturdepartementet  
Kunnskapsdepartementet

Strategi

## Rom for demokrati og danning

Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023



## Kunst og kulturformidling til barn og unge

Melding til Stortinget 18 (2020-2021) **Oppleve, skape, dele Kunst og kultur for, med og av barn og unge**, er ein del av ein større innsats for å fremme kunst og kultur som ein viktig del av barn og unge sitt liv i Noreg, og den sett fokus på inkludering, deltaking og kreativitet som sentrale element i denne innsatsen.

1. **Målsetting:** Meldinga har som mål å styrke kunst- og kulturopplevinga for barn og unge, og oppmuntre til deltaking i kreative aktivitetar og kunstnarlege uttrykk.
2. **Inkludering og mangfald:** Meldinga legger vekt på inkludering av alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, og oppmuntrar til å reflektere mangfald i samfunnet i kunst og kultur.
3. **Kunst i skolen:** Det vert lagt vekt på å integrere kunst og kultur i skulen, og det blir oppfordra til samarbeid mellom skuler og kultursektoren.
4. **Støtte til kunstnarar og kulturaktørar:** Meldinga lyfter fram viktigheita av å støtte kunstnarar og kulturaktørar som arbeider med barn og unge, og å leggja til rette for kunstprosjekt og kulturaktivitetar som er tilpassa denne målgruppa.
5. **Digital kultur:** Meldinga anerkjenner den aukande betydninga av digital teknologi i kulturformidling og oppmuntrar til å nytta digitale verktøy for å nå barn og unge.
6. **Kunst- og kulturarv:** Det vert lagt vekt på å formidle kunst- og kulturarv til barn og unge, slik at dei kan forstå sin eigen kulturarv.
7. **Samarbeid og partnerskap:** Meldinga peiker på viktigheita av samarbeid mellom ulike sektorar, inkludert utdanning, helse og kultur, for å fremme kunst og kultur for barn og unge.

(Oppsummeringa er laga av KI/ChatGPT)

## Meld. St. 18

(2020–2021)

Melding til Stortinget

Oppleve, skape, dele

Kunst og kultur for, med og av barn og unge





## Kulturskolen sin rammeplan

Kulturskolen er forankra i opplæringslova §13-16

*«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbud til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet ellers»*

Norsk kulturskoleråd har på oppdrag frå kommunane i Norge utarbeida i Rammeplan for kulturskulane (2016). Gjennom rammeplanen er det etablerte ein nasjonal fellestenking som bidreg til eit kvalitetsløft for kulturskolen. Rammeplanen er kulturskolen sitt kunnskapsløft. Samtidig har den einskilde kulturskole friheit til å tilpasse undervisninga og aktivitetane i tråd med lokale forhold og behov.

**Føremål:** Rammeplanen slår fast at kulturskolen skal tilby undervisning og opplæring innan kunst- og kulturfag for barn, unge og vaksne. Føremålet er å bidra til kulturell allmenndanning, personleg utvikling og aktiv deltaking i kulturlivet.

**Målgruppe:** Kulturskolen skal være open for alle, uavhengig av alder, kjønn, bakgrunn, økonomi eller ferdigheitsnivå.

**Innhald:** Rammeplanen beskriver kva fagområde kulturskulane bør tilby opplæring i, for eksempel musikk, dans, teater, visuell kunst, litteratur og kulturarv. Den vert lagt vekt på tverrfagleg arbeid og prosjektarbeid.

**Organisering:** Kulturskolen skal organiseres på ein måte som sikrer ein helskapleg og koordinert opplæring. Det skal vere et tett samarbeid mellom kulturskolen, grunnskolen og andre kulturaktørar.

**Kvalitet:** Kulturskulane skal arbeide systematisk med kvalitetsutvikling. Dette innebærer mellom anna kompetanseutvikling for lærarane, evaluering av undervisningen og tilrettelegging for elevane sine individuelle behov.





## FN konvensjonane

### Berekraftsmåla

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030 [FNs bærekraftsmål](#). Det er 17 hovudmål og 169 delmål som verda har forplikta seg til å nå innan 2030. Det er særleg fylgjande delmål som er aktuelle for denne planen:




4.7) Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av freds- og ikkjevaldskultur, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling.



8.9) Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.



11.4) Styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda.



12.b) Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.

## Berekraftsmåla





## UNESCO

*UNESCO er FNs organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon. UNESCOs mandat er å bidra til fred og sikkerhet ved å fremme samarbeid mellom land innenfor de fire fagområdene. UNESCO ble dannet like etter andre verdenskrig, i troen på at politiske og økonomiske avtaler ikke er nok for å skape varig fred. Fred må skapes i menneskets sinn.*

*UNESCO bruker utdanning, vitenskap og kultur for å informere, inspirere og engasjere mennesker over hele verden til å fremme forståelse og respekt for hverandre og planeten vår. Gjennom programmene til organisasjonen søker UNESCO å fremme fred og ha en nulltoleranse for vold. Bærekraftsmålene er viktige i arbeidet for å oppnå dette (FN sambandet; [UNESCO som organisasjon \(fn.no\)](https://www.unesco.org/)).*

*Noen byggverk og naturområder er av så stor betydning at tapet av dem ville være uerstattelig for menneskeheten. Verden har derfor et felles ansvar for å ta vare på dem for kommende generasjoner. UNESCOs verdensarvopdrag er blant annet å tilby nødhjelp til verdensarvsteder i fare og oppmuntre til internasjonalt samarbeid om vern av verdens kultur- og naturarv [Verdensarven - Unesco](#)*

Meir enn 1000 stadar er skrive inn på verdarvlista, åtta av desse finn me i Noreg, og ein av dei er på Voss. Det er Vestnorske fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Sjølv om ikkje sjølv fjorden ligg i Voss herad ligg deler av det verdsarvområdet innafor vår kommunegrense og me har eit aktivt eigarskap til området saman med dei andre kommunane.

Verdsarven er ei internasjonal forplikting og må utviklast med respekt og varsemnd.

## Nærøyfjorden



Foto: Stalheim hotell





## Barnekonvensjonen

*FNs konvensjon om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) er et av verdens viktigste dokumenter. Det gir alle barn og unge under 18 år de samme grunnleggende rettighetene, uansett hvem de er og hvor de bor. Den sier også at barn og unge har krav på spesiell beskyttelse ([Barnekonvensjonen](#) | [UNICEF](#)).*

Det er særleg barnekonvensjonen sin paragraf 31 som er viktig for oss. Den forpliktar oss til å arbeide for at alle barn og unge skal kunne delta uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn.

---

*Alle barn har rett til hvile, fritid og lek og til å være med på kulturelle og kreative aktiviteter.*

---

## FN bygningen



Foto: Unicef